



## › Utdrag av Giske Kommune sin rekneskap for 2023

Økonomisk oversyn drift - inntekter

Økonomisk oversyn drift - Driftsutgifter

Utvikling i fordeling - driftsinntekter

Utvikling i fordeling - driftsutgifter

Sum driftsinntekter, sum driftsutgifter, Disposisjonsfond

Oversynet viser forholdet mellom sum driftsinntekter, sum driftsutgifter og disposisjonsfond, og ein ser at etter dei siste åra med større avvik mellom driftsinntekter og driftsutgifter er det no på veg tilbake. Dette viser at kommunen fortsatt har utfordringar med driftsnivået og auken

frå 2021 og 2022 skriv seg frå ekstraordinære inntekter som ikkje er vidareført. Dersom det ikkje vert gjort tiltak vil kommunen sin evne til å handtere gjeld, finansiere investeringar og setje av midler til fond bli svekka.

Giske kommune har framleis høg lånegjeld, og det er behov for ytterlegare styrking av disposisjonsfondet dersom kommunen skal ha ein berekraftig økonomi.

Løn og sosiale kostnader utgjer ein stor del av kommune sine utgifter. Det vart i 2023 utbetalt 282,5 mill. kr i fastløn, ei auke på 6,94% frå 2022, men ein nedgang på 1,8 % frå det opprinnelege budsjettet. Variabel løn hadde eit meirforbruk på 27,4 mill kr, 47,2 % og ein nedgang på 6,5 % frå 2022. Meirforbruket vert dekt av sjukelønsrefusjon med 25,2 mill.kr som ikkje er budsjettet. Sosiale kostnader vart ca 8,1 mill. kr (9,47%) over budsjett. Dette skriv seg i hovudsak frå auke i arbeidgjevaravgift og auka pensjonskostnader som følgje av auke i løn.

**Teknisk Beregningsutvalget for inntektsoppgjørene (TBU) har rekna årslønsveksten for kommuneansatte frå 2022 til 2023 til 6,3 prosent**

Alle tal i heile 1 000

#### Netto driftsutgifter per rammeområde

	Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)	%-	Budsjett	Regnskap	
	2023	2023	0	forbruk	2023	2022	
1	POLITISK STYRING	5 724 453	4 766 251	958 202	120	4 766 251	4 484 224
2	KOMMUNE LEIING - STAB	26 966 413	25 276 085	1 690 328	107	25 276 085	21 987 918
3	FELLESUTGIFTER/FELLESINNTEKTER	- 135 887	9 886 127	- 10 022 014	- 1	16 246 027	- 6 671 834
4	DIVERSE TENESTEOMRÅDE	11 877 652	11 693 724	183 928	102	8 693 724	9 004 880
5	OPPVEKST	251 053 540	237 324 597	13 728 943	106	233 406 693	219 540 778
6	BARN, FAMILIE, HELSE	62 116 823	59 943 766	2 173 057	104	57 543 766	53 806 904
7	PLEIE, OMSORG OG SOSIAL	191 573 632	192 280 046	- 706 414	100	181 038 618	200 249 383
9	TEKNISK	66 967 434	66 327 615	639 819	101	64 973 699	64 557 731
10	KYRKJELEGE FØREMÅL	5 751 400	5 751 400	-	100	5 751 400	5 504 500
	<b>Sum rammeområde</b>	<b>621 895 460</b>	<b>613 249 611</b>	<b>8 645 849</b>	<b>839</b>	<b>597 696 263</b>	<b>572 464 484</b>

Detaljar kring dei enkelte rammeområda kjem lenger bak under [del 2 Einingar](#).

Det har gjennom heile året og vore arbeid med tiltak for å ta ned drifta. Fokuset på tiltak frå økonomiplanen, samt nye tiltak har vore stort.

Auken i driftsnivået frå 2022 har vore 8,63%. Om ein samanliknar med rekneskap frå 2022 justert med konsumprisindeksen på 4,7 prosent, har driftsnivået hatt ein større auke enn konsumprisindeksen. Auken utgjer ca 26,9 million kroner.